

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 26.10.2020
SAKSHANDSAMAR: Hans Kristian Stenby og Synnøve Langballe Teigeliid
SAKA GJELD: **Revidert konseptrapport og val av utbyggingsalternativ - byggetrinn 2 Haugesund sjukehus**

ARKIVSAK: 2020/891
STYRESAK: 133/20

STYREMØTE: 09.12. 2020

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret i Helse Vest RHF godkjenner revidert konseptrapport som grunnlag for byggetrinn 2 ved Haugesund sjukehus
2. Styret i Helse Vest RHF godkjenner at austerne alternativet blir vidareført til forprosjekt under føresetning av at tilsegn om lån blir gitt.
3. Kostnadsramma blir sett til 980 mill. kr (i 2020 kroneverdi)
4. Helse Fonna må nytte forprosjektet til betring av prosjektet m.a. med grunnlag i den eksterne kvalitetssikringa (KSK).
5. Helse Vest vil fremme søknad om lån overfor Helse- og omsorgsdepartement tilsvarende 70 % av investeringskostnaden til statsbudsjettet for 2022.

Oppsummering

Styret i Helse Vest har ved fleire høve behandla utbygging av Haugesund sjukehus i Helse Fonna. Utbygginga er delt i to byggetrinn. Byggetrinn 1 starta i 2018 og blir ferdigstilt i 2023. Byggetrinn 2 var opphaveleg planlagt starta i 2030.

Endra føresetnadar har medført moglegheit for å starte tidligare. Fleire funksjonar lar seg løyse innanfor den økonomiske ramma for byggetrinn 1 og det økonomiske grunnlaget og helseføretaket si bereevne er betra. Det er funne moglegheit for å finansiere eit byggetrinn 2 på inntil 1 milliardar kroner (lån og eigenkapital) med byggestart i 2023 og ferdigstilling i 2025.

Konseptrapporten frå 2016 som låg til grunn for utbygginga er revidert. Det er gjort ny framskriving av behov for tenester og vurdering av gevinstar av utbygginga. Tre alternative utbyggingsløyser er vurdert:

- Nordalternativet
- Austalternativet
- Nullalternativet

Helse Fonna har tilrådd austalternativet både basert på ei kvalitativ evaluering knytt til viktige mål og kriterier for sjukehusdrift og økonomisk bereevne.

Det er gjennomført ekstern kvalitetssikring (KSK) av den reviderte konseptrapporten.

I denne saka tar styret i Helse Vest stilling til vidareføring av austalternativet til forprosjekt og søknad om lån til prosjektet (byggetrinn 2) basert på revidert konseptrapport.

Fakta

Styret i Helse Vest har ved fleire høve behandla utbygginga ved Haugesund sjukehus i Helse Fonna. Det gjeld start av planarbeidet (idefaserapport) og vidareføring til konseptfase med utbyggingsalternativ.

Konseptrapporten blei behandla i møte 04.05.16, sak 61/16. Styret gjorde følgjande vedtak:

1. Styret i Helse Vest RHF godkjenner at Vest-alternativet for Haugesund sjukehus blir vidareført til forprosjekt.
2. Helse Fonna må i samband med forprosjektet svare opp alle merknadane/kommentarane frå den eksterne kvalitetssikringa og nytte desse til å betre prosjektet. Det må gå fram av forprosjektrapporten korleis det er gjort.
3. Kostnadsramma vert sett til 1,8 mrd. kr for byggetrinn1 med ombygging og 1,5 mrd. kr for byggetrinn 2, samla 3,3 mrd.

4. Helse Fonna må i forprosjekt også kvalitetssikre eiga evne til å finansiere utbygginga.
5. Prosjektet må planleggast for gode miljø- og energiløysingar.
6. Helse Vest vil ta endeleg stilling til utbygging når forprosjektfasen er gjennomført.

Forprosjekt blei behandla i styresak 55/17 i møte 11.05.17. Styret fatta følgjande vedtak:

1. Under føresetnad av at det blir gitt statleg lånefinansiering godkjenner styret i Helse Vest at forprosjekt for utbygging av byggetrinn 1 ved Haugesund sjukehus blir lagt til grunn for å hente inn anbod og starte utbygging.
2. Kostnadsramma for byggetrinn 1 med ombygging blir sett til 1,8 mrd. kr. Byggetrinn 2 ligg lenger fram i tid og må behandlast som eiga sak.

Det blei gitt tilsegn om lån i statsbudsjettet for 2018 tilsvarande 70 prosent av investeringskostnaden for byggetrinn 1. Utbygginga av byggetrinn 1 starta i 2018 med sikte på ferdigstilling i 2023.

Som det går fram av vedtaket over har styret i Helse Vest bare behandla byggetrinn 1. Opphavelag var oppstart av byggetrinn 2 planlagt i 2030 og ville bli behandla som eiga sak.

For Helse Fonna har dei økonomiske føresetnadane seinare endra seg og fleire funksjonar blir løyst i byggetrinn 1. Helse Fonna har såleis vurdert moglegheita for å starte med byggetrinn 2 tidligare. I denne samanheng er konseptrapporten frå 2016 revidert som grunnlag for ny vurdering av utbyggingsalternativ for byggetrinn 2.

Saka blei behandla av styret i Helse Fonna 29.10.20, jf. sak 56/20. Det blei fatta følgjande vedtak:

1. Styret i Helse Fonna HF godkjenner revidert konseptrapport med vedlegg for Haugesund sjukehus
2. Styret i Helse Fonna HF vedtek at austalternativet for Haugesund sjukehus kan bli vidareført til forprosjekt, om det blir gitt lån på statsbudsjettet
3. Styret i Helse Fonna HF vedtek mandat og styringsdokument for forprosjektfasen
4. Styret i Helse Fonna HF ber administrerande direktør arbeide vidare med tilrådingane frå den eksterne kvalitetssikringa som det kjem fram av saka
5. Styret i Helse Fonna HF ber administrerande direktør sende konseptrapport og vedtak til Helse Vest RHF for handsaming og grunnlag for lånesøknad
6. Styret i Helse Fonna HF ber administrerande direktør halde styret i Helse Fonna HF løypande informert om det vidare arbeidet

Saka blir her lagt fram for behandling i styret i Helse Vest.

Kommentarar

Revidering av konseptrapporten

Byggetrinn 1 inneheld nybygg for planleggings- og bygningsmessig krevjande funksjonar som felles akuttmottak (somatikk, rus og psykisk helsevern), lukka akuttpost for psykisk

helsevern, intensiv-/postoperativ eining, operasjonsstover, fødestover og fullautomatiserte laboratorium. Det omfattar også ombygging av eldre bygningsmasse som vil starte hausten 2021.

Ei ekstern kvalitetssikring av konseptrapporten frå 2016 peika på at areal for sentraloperasjon og dagkirurgi var noko overdimensjonert. Dagkirurgi blei derfor flytta inn i første byggetrinn. I tillegg blei patologi inkludert i byggetrinn 1 etter at det blei peika på at lokalet og arbeidsmiljøet ikkje var godt nok i eksisterande areal. Begge funksjonane skulle i utgangspunktet ha venta til byggetrinn 2. Byggetrinn 1 har såleis tatt inn fleire funksjonar innanfor den økonomiske ramma for byggetrinnet.

Nybygget er i rute med omsyn til framdrift, kostnadar og kvalitet.

I arbeidet med revisjon av konseptfasen/konseptrapporten frå 2016 er det laga ein oppdatert framskriving og ny berekning av gevinstar. Hovudkonklusjonen er at det er behov for auka kapasitet og meir framtidsretta lokale. Det er:

- underdekking av senger og polikliniske behandlingsrom og kontor, dialyseining og onkologisk dageining
- mangel på isolat samt behov for eigen infeksjonspost og smittemottak (erfaring frå pandemien)
- lite eigna bygningsmasse med fleirsengsrom utan bad som gir lite effektiv bruk av personell, utstyr og rom, uønskte hendingar og uheldig eksponering av pasientar
- ein stor del av bygningsmassen som har låg tilstandsgrad og må oppgraderast

Desse driftsmodellane er m.a. lagt til grunn:

1. Sentra for pasientforløp på tvers av ulike fagområder.
2. Pasientane skal ikkje unødvendig leggjast i seng, og skal gå mest mogleg på egne bein.
3. Ny teknologi for pasientar og medarbeidarar underbygger dei kvalitative og kvantitative gevinstar som er satt for prosjektet.

Det er tatt omsyn til erfaringar med pandemien i arbeidet med å revidere konseptrapporten. I ny framskriving er behovet for senger, isolat, poliklinikkar og areal for dagbehandling berekna på nytt. Det er i planane tatt høgde for ny infeksjonsavdeling med eige mottak og nytt kreftsenter.

Utbyggingsalternativa

I samband med revidering av konseptrapporten skulle følgjande alternativ for byggetrinn 2 vurderast:

- Ny nordblokk
- Ny austblokk

- Nullalternativet

Nordalternativet inneber å bygge på nordsida av sørvestblokka (byggetrinn 1) og medfører riving av dagens psykiatribygg (sjå bilete nedanfor). Nybygget vil ha 6 etasjar over terreng og kjellaretasje og vil vere knytt saman med eksisterande bygningsmasse med to bruer i dei nedste etasjane. I sengepostetasjane er det berre muligheit med ei bru grunna dagslyskrav. Alternativet inneber også ombygging av M-blokka til poliklinikkar, oppgradering av andre areal som krev dette og forsterking av S- og Ø-blokka for framtidig utviding. (Det er til sist i saka lagt ei oversikt over dei ulike blokkene.)



Bilde 1: Nordalternativet sett frå tilkomstplassen i nord

Austalternativet inneber eit nytt bygg med sengepostar over noverande S- og Ø-blokk samt ombygging av M-blokka til polikliniske funksjonar og ombygging av Ø-blokka i plan 1 til kreftsentar og dagbehandling (som i nordalternativet). Austalternativet opprettheld dei to kommunikasjonsaksane som i dag. Det medføre også ei generell oppgradering og ombygging av andre areal kor dette er naudsynt. (Sjå bilete under)



Bilde 2: Austalternativet sett frå hjørnet Stavangergata og Karmsundgata

Nullalternativet tar utgangspunkt i eksisterande sjukehus etter ferdigstilt byggetrinn 1. Alternativet inneber at V-blokk og M-blokk blir vidareført som poliklinikkar og sengeområde med naudsynt ombygging og oppgradering av sengerom, bad og tilhøyrande støttefunksjonar.

Alternativa er evaluert og vekta etter same prinsipp som i den tidligare konseptfasen. Det er lagt fire hovudkriterier til grunn for vurderinga, samt delkriterier. Kriteria omtalar samfunns mål, effektmål og resultatmål samt mål knytt til tomt og teknisk drift samt generalitet, fleksibilitet og elastisitet.

I evalueringa fekk nullalternativet 150 poeng, nordalternativet 320 poeng og austalternativet 385 poeng.

I den reviderte konseptrapporten er det berekna at nordalternativet vil koste 1 410 MNOK, austalternativet 980 MNOK og nullalternativet 360 MNOK, målt i 2020 kroner (P 85).

Analysen av økonomisk bereevne viser at det berre er nullalternativet og austalternativet som er innanfor ramma i økonomisk langtidsplan vedtatt i mai 2020. Med eit nordalternativ som har 41 % høgare kostnadar enn ramma, vil byggetrinn 2 måtte flyttast fram i tid mot 2030, eller ha færre funksjonar. Høgare kostnadar i byggetrinn 2 vil og redusere moglegheita til investering i, og oppgradering av andre bygg i føretaket.

Aust- og nordalternativet er samanliknbare med tanke på funksjoner og innhald. Når nordalternativet er mykje meir kostnadskrevjande har det m.a. samband med at det må byggast nytt areal for dei funksjonane som ligg i psykiatribygget som må rivast for å gi plass til nybygget.

Det er ikkje nokon funksjoner i nordalternativet som ikkje kjem med i austalternativet.

Med basis i den reviderte konseptrapporten, den kvalitative evalueringa, kostnad og økonomisk bereevne blei austalternativet tilrådd som hovudalternativ, jf. styresak 45/20 i Helse Fonna. Styret bad samstundes om at revidert konseptrapport blei sendt til ekstern kvalitetssikring (KSK).

Ekstern kvalitetssikring (KSK)

Den eksterne kvalitetssikringa er gjennomført av PwC som gir uttrykk for at utgreiinga og dokumenta er fullstendige, har god innbyrdes konsistens og tilfredstillande sporbarheit.

Dei gir vidare ein konkret vurdering knytt til sju faste spørsmål som den eksterne kvalitetssikringa skal svare ut. I vedlagte styresak frå Helse Fonna er alle spørsmåla sett opp med vurdering frå PwC, tilråding frå PwC og med kommentarar om korleis tilrådingane vil bli følgt opp frå føretaket si side.

Finansiering

Når Helse Fonna no finn grunnlag for å framskynde byggetrinn 2 skuldast det endra føresetnadar.

- I byggetrinn 1 er fleire funksjonar tatt med innanfor den økonomiske ramma som er sett for byggetrinnet.
- Helse Vest RHF tar sikte på at Helse Fonna vil bli tilført likviditet på 294 MNOK i 2023.

Med kapitaltilskotet som skal nyttast til å betale ned eksisterande lån, vil dei årlege rentene og avdraga bli lågare. Helse Fonna får såleis auka det årlege likviditetsoverskotet som styrker finansieringsgrunnlaget.

I økonomisk langtidsplan vedtatt i mai 2020 har føretaket på denne bakgrunn funne moglegheit for å finansiere eit nybygg i byggetrinn 2 på inntil 1 mrd. kroner (70 % lån og 30 % eigenkapital) med byggestart i 2023. Føretaket vil med endringa for byggetrinn 2 framleis ha ein tilfredsstillande likviditet. Dette vil òg gje betre investeringsevne for å vedlikehalde og oppgradere dei andre sjukehusa og bygningane i føretaket.

Det er gjennomført ei usikkerheitsanalyse av eksternt firma. Denne viser at usikkerheita er størst for nullalternativet som er mindre utvikla/modent og som vil ha lenger gjennomføringstid med mykje omrokkingar og tilpassingar. For nord- og austalternativet er usikkerheita på forventa nivå i den fasen prosjektet er i no. Dette kan endre seg i eit forprosjekt som krev meir detaljering.

Konklusjon

For å gi kvalitativt gode tenester til befolkning i Helse Fonna sitt opptaksområde i åra framover er det naudsynt med utvikling av bygningsmassen. Det gjeld særleg Haugesund sjukehus men og andre delar verksemda.

Ein konseptrapport for utbygging av Haugesund sjukehus blei behandla i 2016. Ei utbygging i to byggetrinn blei føreslått. Det blei tatt stilling til 1. byggetrinn som starta i 2018. Byggetrinn 2 var forventa å starte først i 2030 og ville bli behandla som eiga sak.


Når Helse Fonna no har funne grunnlag for å framskude byggetrinn 2 er det gjort eit godt forarbeid. Det er gjort ei ny framskriving av behovet for tenester. Det er vurdert kva slags funksjonar som må ha nye lokale, korleis tenestene må organiserast og plasserast i høve til kvarandre og kva gevinstar utbygginga kan gi for drifta av sjukehuset. Det er vurdert fleire utbyggingsalternativ som er evaluert og vekta på viktige mål og kriterier for sjukehusdrift. Alt er nedfelt i ei revidering av konseptrapporten frå 2016.

Den reviderte konseptrapporten frå 2020 har vore gjenstand for ekstern kvalitetssikring (KSK). Hovudkonklusjonen der er at vidare planlegging kan fortsette i eit forprosjekt. Samstundes gir den nokre viktige anbefalingar for vidare arbeid.

Kostnadane for dei ulike utbyggingsalternativa er berekna og har vore gjenstand for ein usikkerheitsanalyse. Konklusjonen er at usikkerheita er innafor det område som kan forventast i ein konseptfase.

Austalternativet skårar høgast på dei måla og kriteria som er sett for utbygging og ligg innanfor føretakets finansielle evne slik det går fram av økonomisk langtidsplan vedteke i mai 2020.

Det blir på denne bakgrunn tilrådd at revidert konseptrapport blir lagt til grunn for byggetrinn 2 og at austalternativet blir ført vidare til forprosjekt.



Bilde 3: Oversikt over dagens sjukehus med namn på bygga/blokkene

Vedlegg

1. Styresak 56-20 Helse Fonna HF -revidert-konseptrapport
2. Konseptrapport Haugesund sjukehus
3. Revidert konseptrapport Haugesund Sjukehus
4. Ekstern kvalitetssikring (KSK)